



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

### Delegert sak nr. 15/41

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2015/2467	18791/2015	117/6	20.10.2015

---

## Melding om vedtak - Søknad om deling av gnr. 117/6 - Ingrid Skolås Jankov

### Dokument i saka:

Søknad om deling med kart, datert 12.8.2015

Vedtak om frådelling av gnr. 117/3 den 9.9.2010 – lnr. 13249/10

### Bakgrunn:

Ingrid Skolås Jankov søker om å dele i frå ein teig på ca tre dekar skog fra sin eigedom gnr. 117/6. Teigen - som ligg separat på vestsida av riksvegen - skal leggjast til naboeigedomen gnr. 117/3. Dette er ei vidareføring av ei delingssak frå 2010, jf. dokumentlista.

Kommunen kan etter jordlova § 12, 3 ledd gje løyve til frådelling av landbrukseigedom under visse vilkår. Frådelling av ein avgrensa teig skog som tilleggsareal til ein anna skogeigedom - noko som og arronderingsmessig ser positivt ut – vil neppe vere i strid med desse vilkåra. Det blir ikkje endra bruk av arealet, og frådelling som omsøkt er såleis i tråd med kommuneplanens arealdel, der området er sett av til landbruk, natur og friluftsliv (LNF).

I tråd med delegasjonsreglementet for Vinje kommune blir saka avgjort administrativt.

**Einingsleiar sitt vedtak:**

Vinje kommune, næringskontoret gjev Ingrid Skolås Jankov – i medhald av jordlova § 12 løyve til å dele i frå ein skogteig på omlag tre dekar frå sin eigedom gnr. 117/6 som omsøkt. Det er eit vilkår at teigen skal leggjast til gnr. 117/3.

Med helsing

Toril Nicolaisen  
næringsjef

Thor Christiansen  
landbruksrådgjevar

Sendt til:

Ingrid Skolås Jankov	Asmyrveien 5a	1415	OPPEGÅRD
Lars Skolås Rorgemoen	Øyfjellvegen 1649	3890	VINJE